

## **Forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn for Ulvik herad, Vestland fylke**

Heimel: Fastsett av Ulvik herad ..... (dato) med heimel i lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn §§ 14 første ledd og 42 første ledd. Stadfesta av Kystverket sitt hovudkontor .....(dato) jf. forskrift om bruk av mal og godkjenning av kommunale forskrifter om orden i og bruk av farvatn og hamner.

### **§ 1. Formål**

Forskrifta gir reglar om orden i og bruk av hamner og farvatn for å ivareta omsynet til effektiv og sikker hamneverksemd, god framkomelegheit, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet.

### **§ 2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld offentlege og private hamner og sjøområde i Ulvik herad. I hovud- og biled gjeld forskrifta kun innan hamneavgrensingane i hamner fastsett i forskrift 30. november 2009 nr. 1477 om farleder § 2 andre ledd vedlegg 1.

### **§ 3. Krav ved opphald i hamna og ved kai**

Når fartøyet ligg ved kai, skal ingen av propellane brukast før umiddelbart før fartøyet skal gå. Det same gjeld andre typar framdrifts- og manøvreringsmiddel. Under manøvrering til og frå kai skal skipet manøvrerast forsiktig slik at propellvatnet ikkje årsakar skade.

Når fartøyet ligg ved kai skal fartøyet sine utløpsåpningar som vender mot kai og andre fartøy, vera forsvarleg stengt slik att spelvatn, damp e.l. ikkje er til fare eller til unødig sjenanse. Fartøyet skal heller ikkje sleppe ut sot eller røyk som kan medføra skade eller vera til unødig sjenanse for hamneverksemda.

Heradet kan forby vedlikehaldsarbeid eller anna verksemd i hamna dersom det er nødvendig for effektiv eller sikker hamneverksemd.

### **§ 4. Pålegg om taubåtassistanse, forsvarleg fortøyning, oppankring og flytting**

Heradet kan påleggja bruk av taubåt eller fortøyingsassistanse dersom dette er nødvendig av omsyn til trygg ferdsel eller sikker hamneverksemd.

Heradet kan gi pålegg om fortøyning eller oppankring dersom dette er nødvendig av omsyn til trygg ferdsel eller sikker hamneverksemd.

Heradet kan påleggja eit fartøy å flytte seg frå tilvist plass dersom det er nødvendig av omsyn til trygg ferdsel, sikker eller effektiv hamneverksemd.

### **§ 5. Plikt til å varsle om skade**

Den som har årsaka skade på hamner, hamneanlegg eller innretningar skal snarast mogeleg melda frå til heradet om skaden.

### **§ 6. Krav om løyve for å dykke**

Dykkerarbeid skal ikkje finne stad utan løyve frå hamneadministrasjonen.

Dykkerarbeid skal markerast med det internasjonale signalflagget «A» eller med tilsvarende merka skjerm. Om natta skal markeringa vera opplyst.

Dykkerarbeid for å berge liv eller verdiar som ikkje kan vente til løyve er gitt, kan likevel gjennomførast. I slike tilfelle skal det snarast mogeleg meldast frå til heradet om dykkinga.

### § 7. *Luftfartøy*

Luftfartøy som skal lande eller ta av frå sjøområda er pålagt å bruke regulerte landingssoner.

### § 8. *Krav ved passering*

### § 9. *Forbod mot snøtømming*

### § 10. *Andre reguleringar*

For fartøy som har anløp ved offentleg hamn i Ulvik herad, skal det betalast anløpsavgift til heradet.

Opplag-, laste- og losseavgift vert regulert i den årlege budsjettansamlinga. Dette gjeld òg avgift for offentleg gjestehamn/småbåthavn.

Heradet kan fastsetje gebyr for handsaminging av søknad om løyve eller godkjenning etter bestemmelsar i eller i medhald av denne forskrifta.

### § 11. *Unntak i særlege tilfelle*

Heradet kan i særlege tilfellee gjera unntak frå §§ 3, 6, 7, 8, 9 og 10.

### § 12. *Reaksjonsmiddel og straff*

Ved brot på bestemmelsar i denne forskrifta vedtak fatta i medhald av den, gjeld bestemmelsane i havne- og farvannsloven kapittel 10 så langt det passar.

Vesentleg brot på §§ 4, 6, 7, 8, 9 og 10 kan straffast med bøter etter lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn § 62.

### § 13. *Iverksetjing*

Forskrifta skal tre i kraft 01.01.2021.